



Judith Eknes  
Landsvik 55  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2302 - 19/3979

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
22.02.2019

## Avvising - GBNR 51/18 - Klage på dispensasjon - Landsvik

**Administrativt vedtak. Saknr: 41/2019**

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Björg Schønberg Villanger har i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd søkt om dispensasjon frå arealformålet landbruks-, natur- og friluftsliv samt reindrift (LNFR) i arealdelen til kommuneplanen (KPA) for følgjande tiltak:

- Riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny heilårsbustad (bruksendring av eigedomen).
- Opparbeiding av tilkomstveg over gbnr. 51/43 fram til gbnr. 51/18.

Utval for drift og utvikling gav i møte den 8.1.2019, sak 08/2019, dispensasjon som omsøkt.

Judith Eknes klaga på vedtaket i brev datert 29.1.2019. Ho meiner at vilkåra for å kunne gje dispensasjon ikkje er oppfylt. Omsyna til helse, miljø, tryggleik er ikkje ivareteke då utbygging vil føre til auka press på eit kommunalt vass- og avlaupsanlegg som, etter hennar meining, ikkje fungerer i dag. Det vert vist til klaga i si heilheit.

### VURDERING:

#### Lov- og plangrunnlag:

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 33 andre ledd andre setning at dersom vilkåra for å handsame ei klage ikkje ligg føre, skal kommunen avvise saken.

Dispensasjon for riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny heilårsbustad, samt til opparbeiding av tilkomstveg, er eit «enkeltvedtak» som kan klagast på, jf. fvl § 28 første ledd.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Vedtaket kan klagast på av ein «part» eller ein anna med «rettslig klageinteresse», jf. § 28 første ledd.

Ein «part» er ein person som ei avgjerd rettar seg mot eller som ei sak direkte gjeld. Vedtak om dispensasjon rettar seg ikkje mot Judith Eknes, og ho er dermed ikkje part i saka.

Spørsmålet er om Eknes har rettsleg klageinteresse.

Det følgjer av forarbeida til fvl § 28 at «[d]et er meningen at kravet om «rettslig klageinteresse» skal motsvare kravet til «rettslig interesse» i tvistemålsloven § 54 [nå tvisteloven § 1-3].»<sup>1</sup>

Etter tvisteloven § 1-3 andre ledd må «[d]en som reiser saken, (...) påvise et reelt behov for å få kravet avgjort i forhold til saksøkte. Dette avgjøres ut fra en samlet vurdering av kravets aktualitet og partenes tilknytning til det.»

I følge forarbeida til tvisteloven § 1-3 må «[t]ilknytningen [til tvistegjenstanden] være av en slik art at saksøkeren har en beskyttelsesverdig interesse i å få dom overfor den aktuelle saksøkte.»<sup>2</sup>

Judith Eknes eig gbnr. 51/53, og er såleis ikkje nabo eller gjenbuar til gbnr. 51/18. Kommunen kan ikkje sjå at den dispensasjonen som er gitt får verknad for Eknes, verken faktisk eller rettsleg. Ho har dermed ikkje nærare tilknytning til dispensasjonen enn det alle andre i kommunen, som er kopla til det offentlege vass- og avlaupsanlegget, har. Meland kommune kan dermed ikkje sjå at Eknes har eit reelt behov for å få klaga si avgjort, jf. tvistelovan § 1-3 andre ledd. Ho har dermed ikkje rettsleg klageinteresse etter fvl § 28, og vilkåra for å handsame klaga ligg dermed ikkje føre, jf. fvl § 33 andre ledd andre setning.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune avviser klage frå Judith Eknes datert 29.1.2019, jf. fvl § 33 andre ledd siste setning, jf. fvl § 28 første ledd.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Med helsing

---

<sup>1</sup> Ot.prp. nr. 38 (1964-65) s. 99

<sup>2</sup> Ot.prp. nr. 51 (2004-05) s. 365

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Björg S Villanger

Nedre Eikanger 80 5913

EIKANGERVÅG

**Mottakere:**  
Judith Eknes

Landsvik 55

5917

ROSSLAND